

Kring tusen mobbesaker innrapportert

SAMFUNN: Fylkesmennene har fått minst 976 meldingar frå lærarar og elevar om moglege brot på mobbelova.

NYNORSK PRESSEKONTOR
redaksjon@firda.no

Talet er basert på ei rundspøring Kommunal Rapport har gjort blant fylkesmennene. Det

faktiske talet er truleg høgare, sidan berre 13 av 17 fylkesmenn har svara på spørsmåla.

Paragraf 9A i opplæringsloven tredje i kraft 1. august i fjor og omfattar alle former for krenkjande åtferd. Det er elevens subjektive oppleving av ikkje å ha det trygt på skulen som skal leggast til grunn. Skulane har ikkje høve til å «overprøve» opplevinga til eleven.

Flest meldingar, blant dei som har svart, kom til fylkesmannen i Rogaland, med 112 saker. Også Hordaland og Nordland har hatt over 100 meldingar sidan loven tredje i kraft, med høvesvis 107 og 105. Fylkesmannen for Agder-fylka har fått 102 saker innrapportert.


Nedst på lista over dei som har svart, ligg fylkesmannen i Sogn og Fjordane, med 34 sa-

ker. Oversikta frå fylkesmennene er talt opp litt ulikt frå fylke til fylke, så tala er ikkje direkte samanliknbare.

Den nye lovavgjerda pålegg skulane ein større grad av aktivitetsplikt viss det blir rapportert om mobbing. Elevar og foreldre blir gitt rett til å involvere Fylkesmannen viss skulen brukar meir enn fem dagar på å handtere ei varslasak.



FOTO: Sara Johannessen / NTB Scanpix / NPK



VISJONEN: Dette er ein av fleire illustrasjonar som skisserer moglege utformingar av Fossesenteret.

ILLUSTRASJON: ARKITEKTKONTORET A

Fossesenteret står og fell med om staten stiller opp med midlar

Manglar berre pengane

GAULAR: Turistane vil sjå Vestlandet, og Gaular arbeider for å få bygd Fossesenteret som har vore ein lokal draum i mange år. Den store utfordringa kan bli å få staten med på finansieringa.

HELGE JOHNSEN
helge.johnsen@firda.no

- Det står og fell med om staten stiller opp med midlar. Vi vil trenge om lag 25 millionar kroner. Så mykje pengar er det vanskeleg å hente inn gjennom sponsorar og andre lokale kjelder, seier ordførar Mathias Råheim (H) til Firda.

Pengane det står på

Tanken om eit visingscenter i fosselandskapet ved det verna Gaularvassdraget er ikkje ny, og siste åra har det vore arbeidd



ORDFØRAREN: Mathias Råheim (H) ser føre seg at Fossesenteret kan bli ein plussfaktor for reiselivet.

ARKIVFOTO: ASTRID IREN SOLHEIM

intnst med planane.

- Vi har kome så langt at vi no berre manglar finansieringa, seier ordføraren.

Gaular kommune har sjølv sett av fem millionar kroner til prosjektet, og Førde og Balestrand har ifølge Råheim gitt til-

segn om økonomisk støtte.

- Om ikkje lenge skal vi også ha møte med fylkeskommunen. Haldningane hos einiskildpersonar der har vore svært positive, men vi treng å ha heile det politiske kollegiet i ryggen, når vi skal prøve å få gjennom-

slag hos staten. Det generelle inntrykket mitt er at det lokalt er ei veldig positiv innstilling til dette prosjektet. Denne haldninga møter vi også hos stortingsbenken, seier Råheim.

Forprosjektet for senteret var ferdig allereie i 2015. Tanken er at det skal reisas ved brua over Likholefossen, like ved den nasjonale turistvegen over Gaularfjellet. Senteret skal ifølge planane vere eit presentasjons- og visingscenter for dei verna vassdraga i Norge, og vil også ha vatn i eit internasjonalt perspektiv som tema.

- Likholebrua er ein attraksjon i seg sjølv. Det planlagde bygget skal innehalde videoar og utstillingar, og både vere eit visingscenter for det verna vassdraget, samstundes som det syner fram verdien av vatn, seier ordføraren.

Auke turisttrafikken

- Kva vil Fossesenteret kunne få å seie for Gaular?

- Mellom anna vil det setje Gaularfjellet og den nasjonale turistvegen endå meir på kartet. Senteret vil kunne bidra til å auke trafikken. Men Fossesenteret skal også ha eit internasjonalt perspektiv over seg, og vise kor viktig vatnet er i den store samanhengen, seier Råheim.

Allereie før Gaular på ettervinteren presenterte fossesenterprosjektet for nabokommunane Førde og Balestrand, hadde kommunen lagt inn senteret med løyving i sin eigen økonomiplan.

Statens vegvesen og Nasjonale turistveggar hadde på si side gitt tilsegn om bidrag til senteret Gaular håpar skal vere med på å gjere området til ein reiselivsmessig kraftpakke.

- Men vi treng statleg løyving. Det vil nok vere vanskeleg å samle dei pengane som trengst lokalt, seier Gaular-ordføraren.